

Helsetilstanden i heimbygda 1910 – 1930.

I mi barndoms og ungdomstid var ein ikkje komen så langt som no, når det gjeld helsestellet. Nå har ein vaksiner mot ymse slag barnesjukdomeer, men då vår generasjon voks opp, fans det berre vaksine mot kopper.

Vaksine mot poliomyelitt og difteri høyrde ein ikkje tale om. Det hende at barn fekk mein av polio for resten av levetida, eg some strauk med av difteri. Den farlegaste sjukdomen i denne perioden var nok tuberkulosen

Dersom ein av mannskapet ombord i ein fiskarbåt hadde fått denne sjukdomen, var det stor fare for at andre kunne bli smitta. Å få tuberkulose var i den tida, nesten det same som å få dødsdom. Og mange gjeve ungdomar strauk med i denne sjukdomen både i Trollvika og på Leiknes. Til å byrje med hadde ikkje anna råd enn å kure og prøve leve godt, men ofte blei sjukdomen oppdaga for seint, og det var lite sanatorieplass.

Sanitetsforeninga både på Leiknes og i Trollvika var med i det landsomfattande arbeidet i kampen mot tuberkulosen. Og på lokalt plan kjøpte desse sanitetsforningane drikkefontene til Trollvik skole for å minske smittefaren. I 20 og 30 åra blei blåseteknikken tatt i bruk, og på sjukehusa tok dei og til med operasjonar. Det berga livet til mange. Men etter andre verdskrigen fann dei opp streptomysinen, og dermed kan ein sei at ein hadde sigra i kampen mot tuberkulosen. Men stort sett kan ein vel seie at helsetilstanden var god.

Eg trur det kjem av at ein levde av vanleg landsens kost, og ein gjekk til kvar dag i varme, heimeverka klede, serleg om vinteren, så ein fraus ikkje. Borna måtte hjelpe til i arbeidet heime med det dei kunne makte, eg dei måtte gå til skolen til fots eller på ski. Dette gav både trim og styrke.

I Lenvik var det berre ein distriktslækjar i den tida eg var barn. Han budde på Gibostad. Han hadde ein liten motor kutter som han reiste i sjukebesøk med. Vegane var ikkje brøyta om vinteren, så båten var nok beste fargreida.

Folketannrøkta var ikkje innført, og skolane vart ikkje vitja av tannlækjar. Tannbørste var det og så som så med, og borna hadde ofte hol i tennene og tannverk. Ofte måtte dei ha tannis i hola for å døyve tannverken. Vart det for ille, måtte ein til doktoren for å få tanna ut.

Ellers var det somme såkalla kjerringråder for ymse sjukdomar. Mot tresk, frausk som folk sa, skulle ein få tak i ein levan frausk, slakte den og koke blodet i mjølk og gje dei borna som hadde trøskekesår i munnen. Tru det eller ikkje men den råda er god. Eg har sjølv brukt den råda på mine eigne born.

Mot forstuving eller vrikking av ledd var det endå i min ungdom elt par gamle kvinner som kunne lese vretråd. Det var ein ulltråd som del las over og batt tråden rundt den leden som var blitt vrikka. Men kva dei las veit eg ikkje noko om. Somme meinte del kunne stengje blod, men i vanskelege tilfelle måtte nok doktoren til. Eg hugsar eit tilfelle, visstnok i 1923. Grannen vår Ludvik Hansen hadde vore i vedskogen og var på veg ned til huset sitt. Han gjekk med øksa over aksla. Han gleid på ein hålkeflekk og høgga seg stygt i låret og blødde mykje. Han heldt over såret og kom seg heim. Los Ingvar Rasmussen kulle springe til Kristian Jakobsen som hadde telefon.

Men han var redd hunden på garden, så eg måtte vere med.

Då far fekk høyre kva som stod på, tok han eit stykke snøre og la i veg bort til Ludvik Hansen. Han la snøret rundt låret ovafor såret og stramma til med ein pinno, Doktoren kom frå Gibostad med motorbåt, men det tok si tid og far måtte vere der heilt til doktoren kom. Doktoren sydde såret og det gjekk godt, men han sa til far at bandet han hadde snørt rundt låret, hadde berga livet.

Det var somme som meinte at dei kunne lese sandkorn ut av auga på folk som hadde vorte ute for det uhellet. Far sa at han kunne det, men kven han hadde det av veit eg ikkje. Mange av grannane kom til far idet ærendet når dei hadde fått sandkorn i auga, men det var vel helst trua som verka inn og tåreveska som skylte sandkornet ut.

Siste året far levde skreiv han av dei orda han brukt. Denne setelen har eg endå med fars eiga handskrift, og det lyder slik: "Kola gikk til Kolas søster, bad henna take sanden ut av

auge på(navn her). Av det kvite og det blå. Ta det ut i ver og vind at det ikkje meir kjem inn.”

Når galdt medisin ein rådde over i husa, gjekk det mest ut på nafta og kamferdråpar, honning og Rigabalsam og tannis. Hostemikstur brukte dei og mykje mot forkjølelse.

Mange trudde at ein god dram var godt for forkjølelse om ein gjekk til sengs og hadde det godt og varmt i senga etter på. Ein gong eg blei forkjølt skulle eg prøve den råda. Om kvelden tok eg to skarpe drammar og gjekk og la meg, men om morgonen var eg verre og ikkje betre.

Når fiskarane var borte på fiske, hende det ofte at dei fekk vakrom i hand og handled av all juksinga. Då hadde dei den råda at dei skar vakrom, som dei sa. Då la dei handa på ei høveleg fjøl, og så ripa dei i fjøla rundt handa og sa: ”Eg skjer vakrom ut or led og i ved.” Om resultatet har eg ingen kommentar anna at det tok vel si tid å bli bra.

Foreldregenerasjonen i mi barndomstid hadde mange born. Ti og tolv born var inga sersyn. Distriktslsskjaren budde på Gibostad, og det var jordmor på Finnsnes og Gibostad. Før 1920-åra var ikkje bruene over Storelva og Djupelva ferdige. Og bilvegen mellom Finnsnes og Bjorelvnes blei ikkje ferdig før i 1921. Vegen var ikkje brøyta om vinteren, så det var hesten og robåten som måtte nyttast i jordmorskyss. Borna vart til vanleg født heime, og det var inga fødestue i Lenvik i den tida. Då kunne det vere bra at ei kvinne med røynsle kunne kome til hjelp, om det tok tid før jordmora kom. På Leiknes var Anne Hansen ein dugande fødselshjelpar. Ho var kona til den kjende Leiknes-bonden Ludvik Hansen på garden Lundgård. Kor mange born ho har tatt i mot før jordmora rakk fram, er det vel ingen som har oversikt over.

Leiknes i Lenvik 14/3 1981

Kåre Leiknes sen.

f. 20/4 10.